



Hold kodeleseren på en smarttelefon over koden, så havner du direkte på seksjonen.

RENTES • Styringsrente



1,50%

Skandiabanken 3,50%
Storebrand bank ASA 3,55%
Klepp Sparebank 3,60%

STRØM • Lyse variabel pris



14,60 øre

Telinet Energi 18,95 øre
Lærdal Energi 19,30 øre
Kvam Kraftverk 19,90 øre

ENERGI • Brent oil

106,20 USD (106,47)
-0,25%

Lett råolie 89,78 USD
Nord Pool El 71,73 NOK/MWh
Nord Pool Gas 24,14 EUR/MWh

OSLO BØRS • Hovedindeks

423,31 (425,75)
-0,57%

New York 13.073,01
London 5.693,63
Tokyo 8.635,44

VALUTA

6,02 (6,05)
-0,50%

Euro	7,42
Pund	9,47
SEK	88,78 DKK 99,74

Klima Trenden held fram

Rask issmelting i Arktis

► Havisen i Arktis kan i år vera på veg ned mot eit nytt rekordlågt nivå

etter i fjar nær å ha tangert rekorden frå 2007. Smeltinga har spesielt skote fart i områda frå Barentshavet og austover.

STAVANGER

Området som er dekket av havis i Arktis når kvart år sitt minste nivå midt i september. Då sluttar isen å smelta og begynner å frysja til igjen.

– I det nordlege Barentshavet er det i år veldig lite is, og det same gjeld Sibir og kysten av Russland, seier direktør og klimaforskar Peter M. Haugan ved Nansensenteret i Bergen. Han konstaterer at havsnivået i Arktis har vore lågt i flere somrar, og at isen stadig trekker seg langt tilbake. Nesten like langt som under minimumsutbreiinga i 2007.

– Denne trenden er viktigare enn at dette skjer ein enkelt gong, seier Haugan. Han ønskjer ikkje å spekulera i om Arktis går mot ein ny rekord i september.

– Forholda ligg i år til rette for ein ny rekord, men mykje kan skje på kort tid. Det skal ikkje meir til enn ei uvanleg vindretning for ein periode. Å varsle 1-2 månader fram er vanskeleg. Då er det lettare å seia kva som vil skje ti år framover.

Isfritt i 2050?

– Kva trur du vil skje dei neste ti åra?

– Det er meir og meir sannsynleg at me vil få endå meir issmelting i Arktis. Diskusjonen går om dette er ein trend eller eit sprang til ein ny normaltilstand, og me kan nå seia tydeleg at dette begynner å bli ein normaltilstand i Arktis.

– Me veit ikkje årsaka til redusert is i Arktis dei seinare år, men det blir meir og meir truleg at det er menneskeskapt, seier Haugan.

Tidlegare har klimaforskaran hevdat at heile havområdet vil vera isfritt om sommaren i 2100. Stadig fleire av forskarane meiner nå at Arktis vil bli isfritt alt rundt 2050.

– Sannsynlegvis vil store deler av det sentrale Arktis vera tom for is om sommaren ein gong i siste halvdel av dette hundreåret.

Torsken flyttar etter

Haugan viser til at situasjonen i Barentshavet i juni og juli i år liknar på slik det vanligvis er når isen er på

Arktisk havis

► **Kva:** Havis er frose sjøvatn. Isen oppstår, veks og smelter i havet.

► **Kvifor så viktig:** Havisen held polarområda kalde og modererer det globale klimaet.

Den lyse overflata til isen reflekterer 80 prosent av sollyset. Når sjøisen smelter om sommaren, absorberer i staden det mørke, opne havet 90 prosent

av sollyset. Havet blir oppvarma, og temperaturen i Arktis stig. ► **Går tilbake:** Vitskaplege målingar viser at ein dramatisk nedgang både for kor tjukk havisen er og for isutbreiinga i Arktis dei siste 30 åra.

► **Oppvarming:** Tap av havis har også eit potensielle til å akselerera globale oppvarmings-trendar og kan endra klimamønster. (Kjelde: The National Snow and Ice Data Center, University of Colorado)

sitt minste i september. Også i fjar var det lite is i dette området.

– Endringane me ser her er spesielt interessante for Norge. Torsken trekker lenger nordover, og teikn tyder på at endra isforhold vil få mykje å seia både for fiskeri og biologi. Samtidig er det også mange andre faktorar som påverkar ei fiskestamme, legg han til.

Smeltinga begynte i år tidlegare enn normalt i store deler av Arktis, ifølgje National Snow and Ice Data Center ved Universitetet i Colorado.

Senteret skriv på sine nettsider

at isutbreiinga er spesielt låg i Barentshavet, Karahavet og Laptevhavet (nord for Sibir). I kontrast til dette, er isnivået i Chukchi-havet utanfor Alaska nesten på normalt nivå. Her har isen trekt seg tilbake til kanten av eit fleirårig isdekkje.

Påverkar havsirkulasjonen


Om den raske reduksjonen av havisen i nord held fram, kan det påverka både det globale klimaet og lokale værsystem, påpeikar Haugan. For median det kvite isdekket reflekterer solstrålinga og slik kan dempa oppvarminga, absorberer det mør-

ke havet solstrålinga. Derved blir både hav og klode varmare.


Ope hav i staden for is rundt Nordpol-punktet kan også få direkte innverknad på havsirkulasjonen, ifølgje Nansen-direktøren.

– I dag ligg havet stille med noko smeltevatn under isen. Med ope hav får bølgjer og vind meir tak i havet og kan blanda ting meir i sjøen. Havet kan dermed ta opp meir CO₂, noko som kan vera bra for klimaet, men som forsurar havet, seier Haugan.

TURID FURDAL
turid.furdal@aftenbladet.no



Satellittbildet er tatt 11. september 2008, året etter bunnrekorden i 2007. Bildet viser utstrekkinga på Arktis-isen den dagen nedsmeltinga nådde bunnpunktet. Om 40 år er isen heilt borte om sommaren, trur forskarane. FOTO: NANSEN ENVIRONMENTAL AND REMOTE



Slik var den arktiske havisutbreiinga i Arktis 23. juli i år: På 7,32 millionar kvadratkilometer. Årets smelting er større enn elles, melder National Snow and Ice Data Center. Den oransje linja viser medianverdien for åra mellom 1979 og 2000, i juli. FOTO: NATIONAL SNOW AND ICE DATA CENTER